



Byggmester Knut Henanger

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3092 - 16/17484

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

[lillian.s.brakstad@meland.kommune.no](mailto:lillian.s.brakstad@meland.kommune.no)

Dato:

12.09.2016

## Godkjenning - endring av løyve, plassering bustad på gbnr 22/98.

**Administrativt vedtak. Saknr: 301/2016**

### Saksutgreiing:

#### Tiltak:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-1 motteke 12.09.2016 i Meland kommune.

Søknaden gjeld endring av gitt løyve dagsett 20.01.2016 – vedtak 16/2016.

Endringa går ut at bustaden er trekt 1,2 m mot nord på eiegen. Avstand til nabogrense er endra frå 5,2 meter til 4,0 meter.

#### Nabovarsling:

Endringssøknaden er ikkje nabovarsla. Med bakgrunn i at endra plassering har liten innverknad for naboeigedomar, - bygget kjem ikkje nærare nabogrense enn 4 m, - vurderer Meland kommune at det ikkje er grunnlag for å stille krav om ny nabovarsling av omsøkt endring, jf pbl § 21-3.

#### Plassering, høgde og avstand til nabogrense :

Tiltaket vert vurdert å vere i samsvar med gjeldande krav til plassering, høgde og avstand til naboeigedomar, jf pbl § 29-4 og dei rammene som elles er sett for tiltaket i reguleringsplanen for området.

Kommunen har ingen merknader til ny plassering.

### Vedtak

«Meland kommune godkjenner i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 endring av gitt løyve for plassering av ein bustad og carport på gbnr 22/98 i samsvar med søknad journalført 12.09.2016.

Plassering av tiltaket vert godkjend som vist innmålingsdata/sosifil motteke 07.09.2016.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjevne i eller i medhald av Plan- og bygningslova, så

---

#### Postadresse

[postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### Kontakt

[www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

framt det ikkje følgjer anna av vedtaket her.»

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

#### Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

22-98

#### **Mottakere:**

Byggmester Knut Henanger